



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 18.03.2022

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 17.03.2022

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Rolf Åmot, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Fråverande: Torunn Styve, Kenneth Førde, Frode Merkesvik

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Torill Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling, sakliste og møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

- 09 Soknepresten har ordet.**
Soknepresten snakka om krigen i Ukraina og at mange er redde, men at Gud er oss nær alltid, og alle dagar.
- 10 Rekneskapsrapport 2022**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått
- 11 Kyrkjelydspedagogstillinga**
Kyrkjeverja orienterte. Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 01. mai 2022
- 12 Reinhaldstillinga i Lavik**
Kyrkjeverja orienterte
- 13 Kyrkjetenarstillingane**
Samanlikningsgrunnlaget er under utarbeiding. Prosess med gjennomgang av funn, avklaringar og drøftingar skal innleiest snarast

Vedtaksaker

003/22 Brev frå Sogn og Fjordane Indremisjon

HKF viser til saksutgreiing i innkallinga til møte 03.02.2022, og til protokoll frå møtet.

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd takkar nei til den leigeavtala Sogn og Fjordane Indremisjon foreslår. Vedteke mot 1 røyst.

004/22 Godkjenning av Rekneskap 2021

Rekneskapen for HKF 2021 er no ferdig avslutta. Resultatet er eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 166 961,48.

Vedtak:

HKF sin rekneskap 2021 vert godkjend, under føresetnad om revisor si godkjenning. Samrøystes

005/22 Godkjenning av HKF si Årsmelding 2021

Årsmeldinga vart gjennomgått, og det kom nokre merkander.

Vedtak:

HKF si årsmelding 2021 vart godkjent med dei merknader kyrkjeverja har notert.

006/22 Inndekning av meirforbruk 2021

Meirforbruket utgjer om lag 167 000.

Vedtak:

Inndekning av meirforbruket i 2021 må skje dels gjennom bruk av fondsmidlar, dels gjennom innsparing på driftsbudsjettet 2022.

007/22 Revidert budsjett 2022

Budsjettframlegget vart gjennomgått

Vedtak:

Framlegget til revidert budsjett for 2022 vart godkjent

008/22 Utlysing av kyrkjeverjestillinga

Kyrkjeverja går av med pensjon 31.12.2022. Stillinga bør difor lysast ut snarast, med søknadsfrist 01.06.2022.

Vedtak:

Fellesrådet vel leiar og nestleiar, som saman med sokneprest eller prost utarbeider kravspesifikasjon til kyrkjeverjestillinga.

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje

Høyanger kommune

Stabseining økonomi

Dato: 10.3.2022
Notat frå: Kristian Ølmheim
Notat til: Bjørnar Otterstein
Kopi: Kommunedirektør
Revisjon

RAPPORT - REKNESKAP 2021 FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OG SOKNERÅDA

Frå og med desember 2004 har kyrkjekontoret stått for den daglege rekneskapsføringa sjølv, men frå november 2018 har stabseining økonomi også stått for føringa av bilaga. Frå 2020 er det innført elektronisk fakturahandsaming, ved at alle inngåande faktura blir av økonomi lagt inn i Visma Fakturabehandling og oversendt kyrkjekontoret for kontering, attestasjon og tilvising, før økonomi føretek etterkontroll og overføring til rekneskap. Utgåande faktura og tilhøyrande innbetalingar blir administrert av kyrkjekontoret med programmet Ecclesia. Overføring til rekneskapet skjer med manuelle summariske føringar.

Stabseining økonomi effektuerer alle utbetalingar, og står for avstemmingar/kontrollar, årsavslutning rekneskap og rapportering. Refusjonskrav for momskompensasjon er sendt Skatteetaten via Altinn og godkjent av revisor. Lønn er ført av kommunen sitt lønnskantor som og har stått for pliktige rapporteringar.

Frå 5 termin 2020 er fellerrådet registrert for avgiftspliktig omsetning og må betale utgåande meirverdiavgift av avgiftspliktig omsetning.

1. DRIFTSREKNESKAPEN

Generelt

Driftsrekneskapen har følgande ansvar:

- 100 Høyanger kyrkjelege fellestråd
- 200 Høyanger sokneråd
- 300 Kyrkjebø sokneråd

Etter regelverket skal sokneråda setta opp egne fullstendige rekneskap, men for enkelheitsskuld og fordi sokneråda har felles bankkonto med fellerrådet, er sokneråda sine rekneskap utskilt ved at dei er ført på egne ansvar. Det blir skrivne ut egne resultatrapportar for fellerrådet og sokneråda, men balansen er felles der sokneråda sine eigenkapitalar står som bunde fond.

Ansvar 100 er oppdelt i ulike tenester og stader. Hovudinndelinga følger tidlegare ansvarsoppbygging, her representert ved følgande «samletenester» (merka *):

- 041* Kyrkjeleg administrasjon
- 042* Kyrkjene
- 043* Kyrkjegardar og gravplassar
- 044* Andre kyrkjelege formål

KF sine driftsarter har talet 3 som første siffer, 4 er første siffer i investering og 5 i balansen. Rapportering vidare til sentralt nivå blir på same måten som for kommunane, filbasert overføring av data til SSB.

Fagansvarleg sin konklusjon/vurdering av KF sin økonomiske status og resultat (drift):

Rekneskapen for fellerrådet er saldert med eit meirforbruk på kr 166 961,48. Netto driftsresultat er på kr -150 042, som utgjør -2,66% av driftsinntektene.

2. DRIFTSREKNESKAPEN

Sum driftsutgifter er 330 676 over budsjett, driftsinntektene er 200 686 over budsjett slik at brutto driftsresultat er 130 000 over budsjett. Lågt rentenivå gjør at finansinntektene er 20 000 under budsjett.

Fjorårets mindreforbruk på 64 706,47 er etter sett av til disposisjonsfond som, etter bruk i investeringrekneskapen, utgjør 156 501.

Årets meirforbruk på 166 961,48 er avsett i balansen som «Reknskapsmessig meirforbruk» som fellesrådet skal dekke inn.

3. INVESTERINGSREKNESKAPEN

Rekneskapsskjema Investering, gir ei oversikt over transaksjonane i investeringsrekneskapen.

I 2021 er det bokført egenkapitaltilskot KLP på 16 919 og investering i anleggsmiddel på 479 562.

Investeringane er finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond og bruk av disposisjonsfond. Eige kapitaltilskotet er finansiert ved overføring frå drift.

PRESENTASJON AV REKNESKAPEN, STATISTIKK

1. Rekneskapsskjema Drift
2. Rekneskapsskjema Investering
3. Balanserekneskap
4. Noter til rekneskapen

I tillegg er det med Rekneskapsskjema Drift for Høyanger sokneråd og Kyrkjebø sokneråd.

Stabseining økonomi vil foreta innsending av KOSTRA-statistikk til SSB og oversende rekneskap og nødvendig dokumentasjon til revisjonen.

Med helsing

Kristian Ølmheim

Økonomisjef

Tlf: +47 57 71 15 53

Mob: +47 45 28 19 84

Høyanger kommune

Sentralbord: +57 71 15 00

www.hoyanger.kommune.no



Regnskapsskjema - Driftsregnskap

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2021 - Ansvar: 100 Høyanger kyrkjelege fr

10.03.2022

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	608.437,48	589.500,00	589.500,00	670.420,00
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Refusjoner/overføringer	399.264,71	255.390,00	255.390,00	374.416,16
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	280.000,00	280.000,00	280.000,00	280.000,00
5 Statlige tilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0,00	0,00	0,00	0,00
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	4.275.000,00	4.275.000,00	4.275.000,00	4.175.000,00
8 Tilskudd fra soknets organer	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	77.873,97	40.000,00	40.000,00	22.866,00
10 Sum driftsinntekter	5.640.576,16	5.439.890,00	5.439.890,00	5.522.702,16
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	2.846.142,11	3.001.995,00	3.001.995,00	2.847.505,80
12 Kjøp av varer og tjenester	2.208.127,54	1.758.855,00	1.758.855,00	1.902.902,05
13 Refusjoner/overføringer	402.097,01	348.590,00	348.590,00	388.372,96
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	280.000,00	280.000,00	280.000,00	280.000,00
15 Tilskudd og gaver	54.200,00	70.450,00	70.450,00	54.200,00
16 Sum driftsutgifter:	5.790.566,66	5.459.890,00	5.459.890,00	5.472.980,81
17 Brutto driftsresultat:	-149.990,50	-20.000,00	-20.000,00	49.721,35
18 Renteinntekter og utbytte	2.047,99	20.000,00	20.000,00	18.306,00
19 Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter og låneomkostn.	2.099,97	0,00	0,00	3.320,88
21 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
23 Netto finansinntekter/-utgifter	-51,98	20.000,00	20.000,00	14.985,12
24 Avskrivninger	255.086,00	144.729,00	144.729,00	255.086,00
25 Motpost avskrivninger	255.086,00	144.729,00	144.729,00	255.086,00
26 Netto driftsresultat	-150.042,48	0,00	0,00	64.706,47
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av utdisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	64.706,47	0,00	0,00	86.652,22
28 Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
30 Sum bruk av avsetninger	64.706,47	0,00	0,00	86.652,22
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
32 Avsatt til disposisjonsfond	64.706,47	0,00	0,00	86.652,22
33 Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
34 Overført til investeringsregnskapet	16.919,00	0,00	0,00	0,00
35 Sum avsetninger	81.625,47	0,00	0,00	86.652,22
36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK	-166.961,48	0,00	0,00	64.706,47



Regnskapsskjema - Investeringsreg

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2021

04.03.2022

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
1 Investeringer i anleggsmidler	479.562,50	0,00	0,00	0,00
2 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Renteutgifter, låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	16.919,00	0,00	0,00	19.258,00
6 Avsetninger	0,00	0,00	0,00	297.215,20
7 Årets finansieringsbehov	496.481,50	0,00	0,00	316.473,20
Finanslert slik:				
8 Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Refusjoner	95.912,50	0,00	0,00	0,00
10 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Bruk av lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
14 Sum ekstern finansiering	95.912,50	0,00	0,00	0,00
15 Overført fra driftsregnskapet	16.919,00	0,00	0,00	0,00
16 Bruk av avsetninger	383.650,00	0,00	0,00	316.473,20
17 Sum finansiering	496.481,50	0,00	0,00	316.473,20
18 Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00



BALANSE

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2021

04.03.2022

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	18.299.252,65	18.074.776,15
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	188.648,00	171.729,00
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	613.957,91	473.840,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	1.085.800,78	1.397.252,41
C - SUM EIENDELER:	20.187.659,34	20.117.597,56
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	156.501,53	178.229,86
Bundne driftsfond	401.874,98	213.351,40
Ubundne investeringsfond	0,00	297.215,20
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	0,00	64.706,47
Regnskapsmessig merforbruk	-166.961,48	0,00
Udisponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	18.487.900,65	18.246.505,15
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	1.308.343,66	1.117.589,48
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	20.187.659,34	20.117.597,56
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Kyrkjeleg fellestråd - rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskapa til KF er utarbeidd i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltninga i kirken og god kommunal rekneskapskikk, i den grad det passer. All tilgang og bruk av midlar gjennom året som vedkjem KF si verksemd, framgår av driftsrekneskapa eller investeringsrekneskapa. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapa, anten dei er betalt eller ikkje. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert eit anslått beløp registrert i årsrekneskapa.

FELLES BALANSE MED HØYANGER SOKNERÅD OG KYRKJEBØ SOKNERÅD

Av praktiske årsaker er rekneskapa for Høyanger sokneråd og Kyrkjebø Sokneråd ført i same "selskap" som Fellestrådet. Det er i bevilgningsrekneskapat skilt med at ansvar 100 gjeld Fellestrådet medan sokneråda har 200 og 300. Balansen er felles med felles bankkonto, men sokneråda si eiga er skilt ut på eigne bundne fondskonti

OVERSIKT NOTER:

Note nr.	Note - type/tekst	
	Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering	
1	Kyrkjeleg fellestråd sine pensjonsforpliktingar m.v.	
2	Aksjer og andelar	
3	Avsetjingar/bruk av avsetjingar	
4	Varige driftsmidler (anleggsmidler)	
5	Oversikt over transaksjonar ført mot kapitalkonto	
6	Oversikt over gravfondskontoen	

Note 1 - Kyrkjeleg fellesråd sine pensjonsforpliktingar m.v.

Kyrkjeleg fellesråd dekker sine pensjonsforpliktingar for dei tilsette etter avtale med Kommunal Landspensjonskasse - KLP.

KF utgiftsfører betalt pensjonspremie i samsvar med reglar for kyrkjeleg fellesråd

Forsikringstaker : 05447-001 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd

Nøkkeltallene for Høyanger Kyrkjelege Fellesråd er :

	2 021	2 020
Innbet. premie/tilskudd inkl adm	421 964	429 212

Innbetalingen av premie/tilskudd, fratrukket 2% trekk for ansatte, er det som føres som pensjonsutgift i regnskapet.

Innbetalt premie omfattar og ein servicepensjon (lukka avtale) med 1 413,-

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2 021	2 020
Brutto påløpt forpliktelse	8 735 633	8 547 712
Pensjonsmidler	8 306 708	7 898 583
Netto pensjonsforpliktelse	428 925	649 129

Økonomiske forutsetninger	2 021	2 020
Diskonteringsrente	3,00 %	3,50 %
Forventet lønnsvekst	1,98 %	2,48 %
Forventet G-regulering	1,98 %	2,48 %
Forventet pensjonsregulering	1,22 %	1,71 %
Forventet avkastning	3,50 %	4,00 %

Det er anvendt KLPs standard forutsetninger for dødelighet, uførhet og framtidig AFP-uttak og frivillig avgang.

Medlemsstatus	01.01.2021	01.01.2020
Antall aktive	11	11
Antall oppsatte	8	9
Antall pensjoner	9	8

Det er 100% utjevning på AFP 62-64 og 100% utjevning på AFP 65-66.

Note 2 - Aksjer og andelar

Aksjer/andelar	2021	2020
Kirkepartner As	kr -	kr 1 000
Eigenkapitalinnskott KLP	kr 205 618	kr 188 699
Kjøp av aksjer	kr -	
Innbetalt eigenkapitalinnskott 2019:	kr 16 919	

Note 3 - Avsetjingar og bruk av avsetjingar

Samla avsetjingar/bruk av avsetjingar i året	2021	2020	2019
Disposisjonsfond	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-178 229,61	-91 577,39	-74 473,39
Avsetjing til fond	64 706,47	86 652,22	17 104,00
Bruk av fond	86 434,80		
Saldo pr. 31.12	-156 501,28	-178 229,61	-91 577,39
Bundne driftsfond		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	0,00	-	-
Avsetjing til fond		-	-
Bruk av fond		-	-
Saldo pr. 31.12	0,00	-	-
Mindre- og meirforbruk		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-64 706,47	-86 652,22	-17 048,89
Avsetjing til fond		64 706,47	86 652,22
Bruk av fond	231 667,95	86 652,22	17 048,89
Saldo pr. 31.12	166 961,48	-64 706,47	-86 652,22
Investeringsfond		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	297 215,20	-0,00	-0,00
Avsetjing til fond		-297 215,20	-
Bruk av fond	-297 215,20		
Saldo pr. 31.12	0,00	297 215,20	-0,00
Utdisponert i investering		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01		-316 473,20	-
Avsetjing til fond			316 473,20
Bruk av fond		316 473,20	-
Saldo pr. 31.12		-	-316 473,20
Fond Høyanger søkneråd 55699700 - 1610		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-100 413,72	-108 029,62	-108 141,31
Avsetjing til fond	9 280,20		
Bruk av fond		7 615,90	111,69
Saldo pr. 31.12	-109 693,92	-100 413,72	-108 029,62
Fond Kyrkjebo søkneråd 55699700 - 1611		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-112 937,68	-111 407,28	-87 160,08
Avsetjing til fond	181 303,52	1 530,40	24 247,20
Bruk av fond	2 060,14		
Saldo pr. 31.12	-292 181,06	-112 937,68	-111 407,28
TOTALSUMMAR FOND		Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-159 072,28	-714 139,71	-286 823,67
Avsetjing til fond	255 290,19	-144 326,11	444 476,62
Bruk av fond	22 947,69	410 741,32	17 160,58
Saldo pr. 31.12	-391 414,78	-159 072,28	-714 139,71

Note 4 Varige driftsmidler - anleggsmidler

1. Bokført verdi pr. 31.12.2020

	00ÅR	20ÅR	50ÅR	50ÅR ORGEL	Sum
Akkumulert anskaffelseskost pr. 01.01.	8 490 819	408 939	6 724 543	2 450 475	18 074 776
Akkumulerte/reverserte nedskrivinger	-	-	-	-	-
Akkumulerte ordinære avskrivinger pr. 01.01.	-	-	-	-	-
Bokført verdi 01.01.	8 490 819	408 939	6 724 543	2 450 475	18 074 776
Tilgang i året	-	-	-	479 563	479 563
Avgang i året	-	-	-	-	-
Delsalg i året	-	-	-	-	-
Årets ordinære avskrivinger	-	-24 055	-178 694	-52 337	-255 086
Årets nedskrivinger	-	-	-	-	-
Årets reverserte nedskrivinger	-	-	-	-	-
Bokført verdi 31.12.	8 490 819	384 884	6 545 849	2 877 701	18 299 253

00ÅR = Gravplassar og tomtar

50ÅR = Kyrkjer

20ÅR = Fast teknisk utstyr og ringeanlegg

50ÅR ORGEL = Kyrkjeorgel

Note 5 - Oversikt over transaksjonar ført mot kapitalkonto

Kontotekst	2021	2020	2019
Kapitalkonto 01.01	-18 246 505	-18 482 333	-18 381 022
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-479 562		-331 226
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	255 086	255 086	248 462
Tilbakeført avskrivning gravplassar			
Aktivering av utstyr m.v.			
Sal av utstyr			
Oppskrivning av utstyr			
Av- og nedskrivning av utstyr m.v.			
Kjøp av aksjar		-1 000	
Eigenkapitalinnskot KLP	-16 919	-18 258	-18 546
Balanse kapital 31.12	-18 487 900	-18 246 505	

Note 6 - Oversikt over gravfondskontoen

Fondsrekneskap



03.02.2022

Fondsrekneskap 01.01.2021 - 31.12.2021

Fondnavn	Avslutta	Saldo før	Inntekter	Utgifter	Saldo etter	Resultat
L01-00001		54 062 95	526 27	2 150 00	57 439 22	-1 560 98
L01-00002		15 160 08	1 47 28	1 800 00	13 537 56	-1 652 52
L02-00007		38 125 28	323 89	16 800 00	27 649 38	-10 475 91
L02-00008		11 922 82	115 15	1 800 00	10 238 04	-1 684 85
L02-00009		7 146 11	42 18	4 850 00	2 338 29	-4 807 81
L03-00004		9 484 16	91 02	1 800 00	7 775 18	-1 708 98
L03-00005		9 125 18	27 67	1 800 00	7 452 85	-1 712 33
L03-00006	19.02.2021	1 160 47	0 00	0 00	1 160 47	0 00
L03-00007		15 528 51	150 95	1 800 00	13 879 46	-1 649 07
L04-00001		6 764 79	66 87	3 600 00	3 231 66	-3 533 13
L05-00004		25 226 02	2 42 26	3 600 00	21 902 28	-3 323 74
L05-00007		12 376 59	116 64	1 800 00	10 693 23	-1 683 36
L05-00009	25.01.2022	4 665 30	0 00	4 665 30	0 00	-4 665 30
L06-00001		14 682 37	127 43	3 600 00	11 209 80	-3 472 57
		2	227 611 31	2 047 00	44 085 32	185 574 01
						-42 097 51

Årsmelding 2021

Høyanger Kyrkjelege Fellesråd



**GUDS ORD DET ER VÅR FEDREARV,
TIL BORN I SKAL DET GANGA.
DEN ÆTT SOM KJEM, LIK DEN SOM KVARV,
VED ORDET TRUTT SKAL HANGA.
GUD GJEV OG OSS DEN ROS,
DITT ORD DET ER VÅRT LJOS!
SÅ LENGE VERDI STEND,
DET LYSE I VÅR GREND,
SOM ÆRVEGULL I ÆTTI!**

GENERELT OM DRIFTSÅRET 2021

Den kommunale driftsløyvinga for 2021 vart etter søknad auka med kr. 100 000, til kr. 4 275 000. Dette utgjør 73 % av fellesrådet sine totale inntekter, som var på kr. 5 849 378.

Kalkulatorisk verdi av kommunal tenesteyting kjem i tillegg med kr. 280 000. Fellesrådet sine øvrige inntekter kom frå festeavgifter kr. 492 000, momsrefusjon drift kr 350 294, gravstell-inntekter kr. 80 896, renteinntekter på kr. 2 048. Gåver til Helgestunder utgjorde kr. 55 439. Vi takkar for alle små og store bidrag til drifta av kyrkjelydsbladet!

Lønsutgiftene i 2021 utgjorde kr. 2 846 141, mot budsjettet 3 001 995. Eit mindreforbruk på kr. 155 854, som i all hovudsak kjem av mindre pensjonsutgifter enn budsjettet. Straumutgiftene i 2021 utgjorde kr. 242 585, mot budsjettet 162 000. I Økonomiplanen for 2021 var det ikkje avsett midlar til kyrkjevedlikehald.

Sokneråda i Høyanger valde i 2021 representantar til redaksjonsnemnd for Helgestunder, som overtok redaktøransvaret for kyrkjelydsbladet. I redaksjonen er no Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland og Andreas Ester.

Driftsåret 2021 vart prega av Coronaepidemien. Frå 4. til 18. januar var det full nedstenging, deretter vart det opna for maksantall 50 personar med 2 meter avstand, påmelding og fram-møtere registrering. I påska 2021 var det ny nedstenging,

Konfirmasjonane våren 2021 vart utsette til hausten. Frå 26. mai fekk vi maks 200 deltakarar med tilviste plassar og min. 1 meter avstand. Dette var også gjeldande under konfirmasjonane i september. Seinare auka smitten i samfunne att, og frå midten av desember vart det innstrammingar med makstall 50, 1 meter avstand og påmeldingar.

Det er Andreas Ester som er sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø sokn, medan Geir Sørebo var vikarprest i Lavik og Bjordal/Ortnevik fram til sommaren 2021. Karl Hjelmeland vart tilsett som sokneprest i Lavik og Bjordal/Ortnevik sokn frå august 2021. Han er også sokneprest i Hyllestad. Som vikarprestar om sommaren var det to prestestudentar.

I 2021 vart det gjeve høyringsuttale til den store utgreiinga om framtidig kyrkjeleg organisering. I den nye kyrkjelova er det slege fast at det kommunale finansieringsansvaret for lokalkyrkja skal vidareførast. HKF sin avtale om bedriftshelseteneste vart i 2021 overført frå Høyanger Bedriftshelseteneste til Bedriftshelse 1.

I fellesrådsmøte den 09.12.2021 vart soknerådsleiar i Kyrkjebø, Sturla Bell Fossen vald som ny leiar i fellesrådet, og Tonje Førde Systad vart vald som ny nestleiar.

Kyrkjemusikk

Året 2021 var prega av restriksjonar pga. Covid 19. Mange gudstenester og kyrkjemusikk-arrangement vart avlyste, men kantor heldt korøvingane i gang etter gjeldande smittevernreglar så lenge som mogeleg for ikkje å misse kormedlemene. Frå 25. september vart alle nasjonale restriksjonar avvikla, og ein kom i gang med korarbeid og barne og ungdomsarbeid att for fullt. Seinare auka smitten i samfunnet på nytt, og frå midten av desember vart det på ny innstrammingar, som mellom anna førte til at konsertane med FML, kantorikor og barnekor i Høyanger og Lavik kyrkje i desember 2021 vart avlyste.

Kantorikoret i Lavik vart starta i mars 2018. I november 2020 vart medlemmer frå Høyanger Vokalis inviterte til å vere med i Lavik kantori, og koret har no 18 medlemmer som kjem frå Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Hyllestad og frå Høyanger sørside.

Kantor deltok på Bjordal og Ortnevik sokneråd sin julekonsert i Ortnevik kyrkje i desember 2021, den einaste konserten som ikkje vart avlyst. Jazzprosjektet som kantor starta å øve med Lavik kantori i 2020, vart utsett også i 2021. Dette er eit samarbeid med Jazzgruppa «Something Else» og vert no i staden framført 30. april 2022.

Korskulen for barn vart starta i november 2020 i Lavik og Høyanger, og i september 2021 vart det starta korskule i Kyrkjebø. I august 2021 vart korskulen sitt tilbod i Lavik vart lagt ned pga. lite frammøte.

Korskulen, som er ein del av Lavik Kantori, har øvingar på Kyrkjebø og i Høyanger, med tilsaman 8 barn. Dei skal syngje saman med Lavik Kantori, og som barnekor. Korskulen er basert på at alle barn kan syngje om dei får oppmuntring og undervisning i eit kjekt miljø med respekt for den enkelte. Tilbodet er gratis, og er for både gutar og jenter. Det er ikkje krav til medlemskap i DNK, alle barn er velkomne. Det er berre ein føresetnad, og det er aktiv deltaking i øvingar og arrangement. Målet er at kor og kyrkjemusikk skal spele ei viktig rolle i kulturlivet i Høyanger kommune, og gjere kyrkja synleg i lokalmiljøet, samt skape gode relasjonar med lokale musistarar, og musistarar frå hele fylket.

Aktivitetar og konsertar Lavik Kantori

Lavikgruppe øver tirsdagar 19.00-21.30.

Høyangergruppe øver mandagar 19.30-21.45

Konsertar/ gudstenester:

Julekonsert i Høyanger 11.12.2021 avlyst

Julekonsert i Lavik 19.12.2021 avlyst

Korskule:

Kyrkjebø tirsdagar 17.00- 18.00

Høyanger onsdagar 16.30- 17.30

Korskulen - konsertar/gudstenester:

Avslutn. kons. sommar i Lavik 7/6-21.

Avslutn. kons. sommar Høyanger 9/6-21

Julekonsert i Høyanger 11.12. 21 avlyst

Julekonsert i Lavik 19.12. 2021 avlyst

Orgelkonsertar/Deltaking i arr.

17. mai markering «God helg» mai 2021.

Videoprod. Jesu 7 siste ord på krossen, Langfredag 2021.

Orgelmeditasjon Høyanger og Kyrkjebø Langfredag 2021.

Orgel Vespers Opa kyrkje på Kyrkjebø 30. juni, 14. juli, og 25. august 2021

Veldedighetskonsert med «Gråberget» i Høyanger november 2021

Gravplassane

På gravplassane i Høyanger kommune, unnateke Ortnevik der Joar Oppedal slår, er det Anleggsgartner Baarøy som har utført slåttene i sommarhalvåret. Den 3 årige avtalen gjekk ut 2021, og skal no lysast ut for ein ny 3 års periode. Dette firmaet har også utført gravstellet på dei gravene vi har stellavtale for. I Ortnevik har Ann Iren Østerbø stell for ei grav. I 2021 vart det inngått avtale om oppmåling og digitalisering av gravkart på alle gravplassane i Høyanger kommune. Dette vert utført i 2022. På gravfondskonto 3705.25.60277, som vert revidert saman med driftsrekneskapen forøvrig, står det pr. 31.12.2021 kr. 185 574,-

Kyrkjene

Investeringsløyvinga for 2021 som var oppsett i Økonomiplanen vart strøken på grunn av investeringsstopp, og våre planlagde prosjekt måtte difor skubbast ut i tid

Kyrkjekontora

Sekretærressursen ved Høyanger kyrkjekontor vart i 2021 auka frå 60% til 80% i pga. auka arbeidsmengde. Høyanger kyrkjekontor hadde sine lokaler i Dalevegen 4 fram til og med 31.12.2021. Frå 01.01.2022 er kontoret flytta til nyoppussa lokale i øverste etasje i Høyanger samfunnshus i Marcus Thranes gate 3. Kyrkjekontoret i Lavik held til i gode og eigna lokale. Framtida til Lavik kyrkjekontor kan drøftast når Lavik prestegard er oppussa til prestebustad.

1. Den norske kyrkja sine medlemmer i Høyanger kommune

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Medlemmer totalt	3219	3278	3309	3403	3439
Døypte	17	19	20	28/20*	20/8*
Innmelde ekskl. Dåp	0	1	1	0	1
Utmelde	12	6	13	0	1

*Busette i kommunen

2. Leiging

<u>Råd og utvalg</u>	<u>Leiar</u>	<u>Tal medl.</u>	<u>Tal møter</u>	<u>Tal saker</u>
Fellesråd	May-Wenche Fossmark	10	8	23
Høyanger Sokneråd	May-Wenche Fossmark	5	10	40
Kyrkjebø Sokneråd	Sturla Bell Fossen	7	7	25
Lavik Sokneråd	Toril Lange	7	7	35
Bjordal/Ortnevik S.R.	Sissel Sørebo	7	5	47

3. Endringar i personellsituasjonen

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Kva endring</u>	<u>Verknad frå</u>
Sokneprest	Karl Hjelmeland	Tilsett	01.08.2021
Kyrkjelydspedagog	Toril Lange	Slutta	31.12.2021

4. Fellesrådet sine tilsette

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Stillingsprosent</u>
Kyrkjevevje	Bjørnar Otterstein	100%
Sekretær Hø.	Katarina Vattekar	80%
Kantor Hø.	Gerda Otterstein	100%
Kyrkjjet./Reinh Hø.	Heike Müller	45,6%
Klokkar Hø	Heike Müller	7%
Sekretær sokneråda	Vakant (Kyrkjevevja er sakshandsamar)	15%
Kyrkjjetenar Ky.	Irene Aase Aarseth	24,3%
Klokkar Ky.	Irene Aase Aarseth	7%
Klokkar/kyrkjet.Va.	Irene Aase Aarseth	7%
Kyrkjjetenar La.	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(11%)
Klokkar Lavik	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(7%)
Kyrkjjetenar Bjo.	Norvald Bjordal	11,9%
Klokkar/Sekrt. Bjo.	Ann Iren Østerbo	9%
Kyrkjjetenar Ort.	Joar Oppedal	15,9%
Klokkar Ort.	Ann Iren Østerbo	5,5%
Reinhaldar Lavik	Amporn Leirnes	4%
Sum		<u>4,2 løna årsverk</u>

Kyrkjelydspedagog Toril Lange er ikkje med i stillingsoversikta, fordi ho hadde Hyllestad sokneråd som arbeidsgjevar. Hennar stillingsdel i Høyanger var 50 %, som vi refunderer ein viss del av. I samband med at kyrkjelydspedagogen slutta ved årsskiftet, sa Hyllestad sokneråd opp samarbeidsavtalen med Høyanger. Det vert no starta opp eit samarbeid med Gaular om kyrkjelydspedagog, og Høyanger vert då arbeidsgjevar for ei full stilling, som Gaular refunderer 25% av. I tillegg kjem tilskot frå trusopplæringsmidlane i bispedømmet på ca. 364 000.

5 Eigedommar / Areal

Høyanger kyrkjelege fellelråd var på synfaring til dei kyrkjelege eigedomane på Høyanger sørside og i Lavik den 11.06.2020. Dei kyrkjeleg eigedomene på Høyanger nordside vart synfart 29.04.2021.

Høyanger kyrkje

På grunn av fuktinntrenging i korveggen, er det oppstått vesentlege rustskadar i stålramma som glasmaleriet i korveggen står i. Nokre ruter er sprekt, og det kjem kaldluft inn rundt konstruksjonen. I 2021 vart det utarbeidd ein omfattande rapport om problemet av Norsk Institutt for kulturminneforskning NIKU. Den viser kva som må gjerast, og det vil bli ei stor og kostbar sak å få utbetra. Orgelet fekk service etter 15 år i 2018, og det vart stemt. I samband med dette arbeidet vart det oppdaga sprekker og luftlekkasjer i orgelet som følge av tørkeskader. Som eit første tiltak vart det i 2020 kjøpt inn ein ny og betre luftfuktar ved orgelet. I 2021 gjennom-gjekk orgelet ein stor og kostbar reparasjon av dei påviste tørkeskadane. Varmepumpa i Høyanger kyrkje er no defekt, og kan visstnok ikkje reparerast innanfor forsvarleg kostnad. Oljefyren i kyrkja er fråkobla, og oljetanken er tømmt for alt innhald, og deretter forseгла etter forskriftene.

Kyrkjebø kyrkje

Kyrkja som feira 150 år i 2019 er i god stand. Kyrkja fekk i 2018 installert eit nyrestaurert og flott Henry Jones orgel frå 1868. Brannvarslinga si kyrkja skal koblast opp til alarmsentral.

Lavik kyrkje

Kyrkja er i god stand, etter at taklekkasje vart utbetra i 2021. Det er vedteke å fjerne nokre kyrkjebenker framme i kyrkja, slik at det blir betre plass til korps og kor. Brannvarslinga skal koblast opp til brannsentral. I 2021 kom det utelys ved parkeringsplassen, og varmeomnane under benkene i kyrkja vart skjerma. Kyrkja skal målast utvendig i 2022

Bjordal Kyrkje

Kyrkja er i god stand.

Ortnevik kyrkje

Det vert no planlagt handicaptalett i tilknytning til brannvernlager i nytt bygg nær kyrkja. Innvendig har kyrkja behov for oppussing ettersom måling flassar av mange stader. Dessutan er det plan om å få laga universell tilkomst til kyrkja sitt 100 års jubileum i 2025. Ortnevik kyrkje skal knytast opp til alarmsentral.

Andre Bygningar

Vadheim Bedehus	Huset er i bra stand. Manglar ringemaskin. Fellelrådet yter årleg tilskot.
Bårehus Lavik	Bygget er i god stand. Septiktanken vart reparert i 2016.
Bårehus Bjordal	Bygget treng oppussing
Klokketårn Tunga	Klokketårnet vart pussa opp og måla i 2014. Nytt tak og golv i 2017.

Kontor Høyanger	Kyrkjekontoret er no flytta til toppetasjen på Høyanger samfunnshus, i nyoppussa lokale der.
Kontor Lavik	God standard.
Kyrkjelydshus Ky.	Kyrkjelydshuset er no selt, og stiftinga er avvikla. Overskytande midlar etter salet er overført som gåve til Kyrkjebø sokneråd, og avsett på eit bunde kulturfond.
Klokketårn Ikjefjord	Bygget er i god stand, men utsett for vindskade.
Klokketårn Vadheim	God standard. Bygget treng etter kvart å bli måla.

6. Økonomi

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Kommunal løyving	4 275 000	4 175 000	4 175 000	4 135 000	4 150 000
Tenesteytingsavtale	280 000	280 000	280 000	280 000	280 000
Sum Løyving	4 555 000	4 455 000	4 455 000	4 430 000	4 320 000

Rekneskapsresultat

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Nto. Driftsresultat:	-166 961	+ 64 706	+86 652	+83 314	+187 519

7. Gudstenesteliv / Kyrkjelege handlingar

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Gudstenester	93	74	97	95	91
Frammø.Gjsn.	28	45	50	64	61
Gudst. M/nattv.	14	16	42	37	40
Gjsn. Nattvdelt	10	11,8	19	9,5	10,5
Døypte	15	19	20	28	20
Vigsler	1	1	2	1	7
Gravferder	46	41	37	41	40
Konfirmerte	27	19	31	42	48

8. Positive trekk og utfordringar

HKF har fått gjennomført mykje dei siste åra. Fleire store prosjekt er gjort ferdige. Høyanger kommune viser gjennom tildelingane sine at dei verdset det arbeidet som vert gjort i kyrkja. Vedlikehaldsplanane, og at dei vert godt følgde opp, er med på å ta vare på verdiane ein forvaltar.

Til tross for pandemi, nedstengingar og alle smitteverntiltaka i 2021, har vi klart å leggje til rette for gjennomføring av kyrkjelege aktivitetar i året som gjekk.

Lavik Kantori, og korskulen som kontor driv for barn i Høyanger og Kyrkjebø, må framhevast som eit svært positivt tiltak! Dette er med på å skape utvikling og samarbeid på tvers av soknegrensene.

Det er også svært viktig og verdifullt det trusopplæringsarbeidet som kyrkjelydspedagogen har drive for barn og ungdom rundt om i sokna våre. Kyrkjelydspedagogen er no slutta, og stillinga er lyst ut med søknadsfrist 1. mai 2022. Fram til ny tilsetting skjer vert arbeidet søkt vidareført av frivilljuge som får utgifter og eit visst honorar dekkja av trusopplæringsmidlane.

Samla sett viser statistikken at besøkstala på dei «vanlege» gudstenestene er minkande. Det kan vere ønskjeleg med fleire deltakarar, men det er noko sokneråda kontinuerleg arbeider

med. Nokre innslag og aktivitetar er med å trekkje folk, spesielt når frivillige og barn er med. Dette må ein bygge på og utvikle vidare. Aktivitetane i kyrkjelydane endrar seg med tida og nye ting vert prøvde ut. Det er gjennom samarbeid mellom dei dei tilsette og dei friviljuge at kyrkja utviklar seg. Det er viktig at fellesrådet støttar sokneråda i arbeidet deira.

Mange frivillige medarbeidarar gjer ein stor innsats i råd og utval, som deltakarar for å skape gode samværsformer, og for å få til eit godt gudstenesteliv der folk får omsorg og kjærleik. Fellesrådet vil gjerne takke alle for innsatsen i 2021!

Høyanger 18.03.2022


May Wenche Fossmark, Fellestrådsleiar


Bjørnar Otterstein, Kyrkjeverje

Gruppe /U	Kontoplan gruppe	Konto	Ansv	Teneste	Sum overført frå nedst	2016 forbruk	2019 budsjett	2021 forbruk	2021 budsjett	2022 budsjett	Endring	Tot. Budsjett 6 098 586
Utgifter	100 - 285 Varer og tenester	31855 Forsikringar	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			18 500		15 000	10 000		
Utgifter	300 - 390 Eksternt produserte tenester	33900 Kalk. Utgift	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			280 000		280 000	280 000		
Utgifter	500 - 590 Finansutgifter	35300 Dekn. Merforb.	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			0		0	10 461		
Inntekter	700 - 790 Refusjonar (inntekter)	37900 Kalk. Inntekt	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			-280 000		-280 000	-280 000		
Inntekter	800 - 870 Overføringar (inntekter)	38300 Tilsk. Kom.	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			-4 175 000		-4 275 000	-4 345 000		
Inntekter	900 - 990 Finansinntekter	39009 Renteinnt.	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			-15 000		-20 000	0		
Inntekter	900 - 990 Finansinntekter	39000 Bruk ubunde fom.	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			0		0	0		
Inntekter	900 - 990 Finansinntekter	39900 Motp. Avskr.	100	04100 Kyrkjeleg a 001 Felles kyrkjeleg administrasjon			-144 729		-144 729	-144 729		
Utgifter	010 - 099 Lønsutgifter	30100 Fast løn	100	04100 Kyrkjeleg a 100 Høyanger kyrkjeleg administrasjon			921 812	732 683	1 028 490	1 060 276	31 786	
Utgifter	010 - 099 Lønsutgifter	30903 KLP	100	04100 Kyrkjeleg a 100 Høyanger kyrkjeleg administrasjon			195 424	147 301	185 930	164 343	-21 587	
Utgifter	010 - 099 Lønsutgifter	30905 Liv/Ulykke	100	04100 Kyrkjeleg a 100 Høyanger kyrkjeleg administrasjon			3 500		3 500	1 500		
Utgifter	010 - 099 Lønsutgifter	30990 Arb. Avgift	100	04100 Kyrkjeleg a 100 Høyanger kyrkjeleg administrasjon			118 427	93 764	128 730	129 809		
Utgifter	100 - 285 Varer og tenester	31000 Kontor. Matr	100	04100 Kyrkjeleg a 100 Høyanger kyrkjeleg administrasjon			5 000		5 000	10 000		
